

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36.

Fylke: Hordaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Lindås.

Emne: Helsing, fakter og åtferd.

Bygdelag: Indre-Nordhodland.

Oppskr. av: Martin Toft.

Gard: Toft.

(adresse): Askelandsvåg.

G.nr. 18, Br.nr. 5.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Korleis folk uttrykkjer "ja": Nikk med hovudet.  
"Nei": Rista på hovudet. Heldt handa avverjande opp og rister litt på henne - om-lag same rørsle som når ein seier: "Hyss, teg still!"
2. Dei gamle helser ofte på alle dei møter anten dei kjenne dei dei møter eller ikkje, men det vert sjeldnare og sjeldnare etter kvart dei gamle fell frå.
3. Det var helst den framnde eller den som kom gangande som skulle helsa fyrst. Den som var frå ein annan gard eller ei onnor bygd skulle og helsa fyrst. Den i ~~arkkaid~~ som stod i arbeid eller var på heimleg grunn høvde det ikkje for å helsa fyrst. Det var same regel for mann og kinne, vaksne og born. Kom dei møtande <sup>v/</sup> k gåande etter ein veg, skulle borna helsa fyrst.
4. Helsingorda var: gumåren, gudag, gukveidlen når dei møtest og farvel eller om kvelden gonatt når dei skildest. Dei som ein venta å møta att same dagen eller ein granne sa ein ikkje "farvel" til utan ein gjekk ut frå eit hus, men om kvelden sa dei i alle høve "gonatt" når dei skildest.
5. Slektningar og vener handhelsa ein på når dei kom langveges, men ikkje grannar eller framande. Bygde-



- 21
- tok ikkje hatten eller huva av for nokon dei møtte, og var embetsmannen kjend, fann han heller ikkje på å gjera det.
6. Ein veit ikkje om at dei heldt hatten med bae hender eller under armen, heller ikkje kva det tydde.
  7. Klednaden gjorde ingen skildnad i helsinga.
  8. Folk handhelste på einannan når dei møttest til gravferd, brudlaup og med kyrkja. Likeein handhelste dei når dei kom på vitjing til kvarandre (det vil seia i gjestebod) antan det var grannar, kjenningar eller slektningar. I heimen helste borna i handa og, men det var ikkje ålment til andre tider utan det var nære slektningar og dei såg kvarandere sjeldan.
  9. Dei klappa kvarandre på oksla som uttrykk for venskap, glede eller som ei oppmoding til å skyta modet opp.
  10. Ein veit ikkje om at dei tok hatten av seg når dei hørde kyrkjeklokka eller når dei sådde på åkeren. Heller ikkje kunn4 ein ~~merka~~ merka noko i slike høve på kvinnene.
  11. Når dei møtte likferd tok dei hatten av, men ikkje ålment ved brudlaupsfylgje.
  12. Dei kunne helsa på dyr og ymse ting på gøy, men eg trur ikkje at det låg noko ~~alvor~~ alvor bak den helsinga.
  13. Ein helste "gumåren" fram til i lo - 11 tida om føremiddagen, "gudag" til det tok til å myrkna om vintaren og elles <sup>til</sup> ~~etter~~ kl. 18 - 19. Noko klokkeslett er det ~~ikkje~~ uråd å setja. "Godnatt" sa dei berre når dei skildest om kveldane. "Morn" og "god middag" vart ikkje nytta før, men no kan ein nok høyra at sume nyttar desse helsingane også.
  14. Folk flirer og ikkje minst borna tykkjer det er



- løgleg om nokon seier "gomoren" midt på dagen el-  
om kvelden .
15. Ein svarer i slike høve med ein flir, men for å vera  
høfleg, med <sup>same</sup>helsingsordet.
16. Ein hører mest aldri idag ei helsing som ikkje høver  
til tida på dagen.
17. Ein nytte desse helsingsorda: "Signe arbeidet",  
"signe strevet", "signe kvila", "signe laget", "signe  
~~maten~~ +  
maten". Ei helsing var: "Sitje i fred". Svar: "Takk,  
kom so te". Når ein takka for maten svara dei gamle:  
"Gud signe deg", eller berre: "signe deg".
18. Var det noko ein var i tvil om at ein fekk lov til,  
sa ~~six~~ dei gjerne til ein slik: "Velsigne deg, du  
må berre gå", eller "Velsigne deg, du må berre eta".  
Dette var sagt i mange høve og tydde at dei berre  
måtte halda fram med det dei hadde hug til.
19. Det er ikkje vanleg at når ein har møtt verten ute  
på tunet og helst på han der at ein tek oppatt hel-  
singa når det ingen andre er inne, men eg har høyrte  
dei som gjerer det ved å seia: "Goddag i stova".
20. Når dei ville tala tala med nokon under "fire aue"  
så veit eg ikkje andre måtar enn dei sa! "Kunne eg  
få snakka med deg på to-mannshånn"?
21. Dei brukar framleis å banka på utedøra og vert stå-  
ande der til det kjem folk ut. Dei ber då fram ~~ærend~~  
det sitt eller fylgjer inn om dei vert bedne. Næraste  
grannane gjer ikkje dette, dei går inn i gangen, men  
bankar alltid på døra til det romet der dei veit  
folket held til.
22. Inne svarar dei på bankinga: "Kom inn", eller "ver-  
so-go".



- 23. Ein vert ståande ved døra til ein vert beden om å ta plass.
- 24. Ein tek hatten av strak ein er innkomen, men eg har som eit minne til at eldre folk til sine tider først tok hatten av seg når dei sette seg.
- 25. Til slike som stod ved døra og venta sa ein: "Du må setja deg fram på", "eller sjå å få sitja".
- 26. Var det folk som ein ville visa vyrdnad, vart dei sessa lenger inne i stova, dei andre vart gjerne sitjande i kråa nede med døra.
- 27. Var det heilt framande som kom, svara ein på <sup>n/</sup>helsiga og spurde så: "~~Er~~<sup>A</sup> da frmmenefølk ute å fær"? "Kar æ datta følkje frå" eller "kar æ dadne maen frå"? Ein bad han ikkje sitja før han hadde sagt kva han ville, og at han då måtte stogga for å kunna få gjort frå seg det han skulle.
- 28. Det var skil på kven den framande var. Ein hadde det for vane å turka av benken eller stolen før dei bad ein framand setja seg.
- 29. Dei ~~kvisax~~ framande handhelsa på dei som var inne, og etter kvart husfolk kom inn, reiste dei framande seg og helsa på dei også. Gutar og gjenter som var kjærestefolk pirka med peikefingen i loven å einannan.
- 30. Dei nytta då same orda som dei vanleg nytta somx helsing: "Gumoren, gukveidl, gonatt", og elles "Farvel". Farvel nytta dei <sup>om</sup> dagen, då det ikkje var vanleg å seia: "Goddag" eller "god middag" når ein gjekk frå nokon om dagen. Då nytta ein alltid ordet "farvel".
- 31. Når dei tok avskil for lengere tid, tok dei kvarandre i handa og sa: "Farvel" frå bae kantar eller: "No må du leva vel og ha takk for no", og det vart svara: "Du må fara vel og sjølv ha takk".



32. Det var ikkje skikk å kyssa kvarandre til avskil.
33. Det var ikkje ålmenn skikk, og når innfyttrarar kyste kvarandre som helsing, fann folk åt det.
34. Ein hadde ikkje noko anna uttrykk for kyss.
35. Det hende at kvinner kyste born eller nære slektningar på handa velkomen eller farvel.
36. Det var for å syna at dei held av vedkomande, og det hadde ikkje noko samband med korkje gåve eller vyrdnad.
37. Ingen kyste si eiga hand.
38. Når det galdt foreldra - serleg mora, var kyss av småborn vanleg og er det enno. Dei sa: "Få ein nøss!"
39. Ein har ikkje høyrte om å byta nase eller å bryna nase.
40. Det var vel helst mora, kanskje ei og annan bestemora og, som bad barnet om kyss. Var barnet mykje glad i nokon - ei grannekona eller ein av grannane som ofte hadde noko godt åt barnet, så hende det nok at dei bad om ein kyss - og fekk han.
41. Det var ofte at vaksne karar "stal nasen" til barnet. Ved å tå nasen til barnet mellom peike- og langefingernuane og så setja tumarfingegumen mellom i staden når ein rykte handa til seg og synte ho fram til barnet, fekk ein barnet til å tru at det var nasen som sat mellom nuane. Dei ville då gjerne ha nasen sin att. Ein svinga då handa ut i lufta liksom ein kasta nasen langt bort. Barnet tok då ofte til gråten og ville ha nasen att. For å stilla barnet til freds, greip ein så ut i lufta som ein tok nasen att, synte fra gumen mellom nuane att og trkte gumen innåt nasen til barnet sik at det kjende at no vart nasen påsett att. Barnet var då nøgd og kjende etter at nasen stod på plass. Det passa vel på at ein ikkje fekk ta nasen ein gong til.



- 6.
42. Det var vanleg at born gav kvinner kjake. Dei tok kvarandre om halsen og la kjakane innåt kvarandre. Dei vaksne sa då gjerne til barnet: "Eg vil få kura med deg." Dei nytta forresten of ðet ordet "kurde" om to som låg innåt kvarandre. Å kura, kuße, kurde, kurt.
43. Det var ikkje vanleg at vaksne gav einannan kjake. når andre såg på. Mellom kjærrestefolk var dette vanleg i løynd, men det var skam om ein let nokon sjå på.
44. Når folk hadde gått til alters, og kjenningar møttest etterpå ute på kyrkjebakken så handhelsa dei på einannan - sjølv om dei hadde gjort det før preika - og sa: "Til lukke og salighet". Uttrykket "til lukke" var lite nytta, i staden sa dei: "Gud signe deg" eller segne deko."
45. Høgtidshelsinga var: "Gød jul", "gøtt nyttår", "go påsje" og "go pense." Festdagar sa dei: "Te lokka med dajen". Ved barnefødsel, trulovin og brudlaup: "Eg ønsje deg til lokka,"
46. Ved dødsfal - når det var gamle eller fale fol som var døde: "Han (ho) ha fenje sløppe no, høyre eg," Ved motgang: "~~Dax~~ Da va idla (sørjelæ, grøtelæ, for-gale, leitt) å høyra."
47. Dei tok i handa og sa: "Takk for øs." ("for meg").
48. Ein takka tkkje for den avlidne.
49. Vanvyrdnad synte dei ved å sjå vekk, draga på aksla, blåsa i nasen litt, og så trekkja på eine munnvika med eit grin.
50. Folk seier helst "du". Til folk som dei vil syna vyrdnad og til framande seier ein "De."
51. Ein nyttar ikkje "han" på den nemnde måten.